



## Notat

Dato: 19.03.2015  
Arkivsak: 2014/18737-12  
Saksbehandlar: gunradd

---

Til: Styringsgruppa i Bergensprogrammet

---

### Mobilitetsveka og fylkeskommunen si rolle

#### Bakgrunn

I 2011 vart ikkje den Europeiske Mobilitetsveka (EMU) markert i Bergen fordi Mobilitetskontoret i Bergen vart lagt ned grunna nedskjeringar i det kommunale budsjettet. Fram til då hadde Bergen kommune gjennom Mobilitetskontoret arrangert EMU i fleire år.


I 2012 vart EMU markert i regi av Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga, finansiert over Bergensprogrammet. Bakrunnen for dette var eit ønskje frå styringsgruppa i Bergensprogrammet om å markere veka, og fylkeskommunen tok på seg oppgåva med å koordinere det vidare arbeidet. Same år vart det utarbeida ein moglegheitstudie for mobilitetsrådgjeving i regi av Hordaland fylkeskommune, med tanke på å etablere faste ressursar til slik rådgjeving. Seinare er det bestemt at det ikkje skal etablerast ressursar for denne typen arbeidsoppgåver i regi av HFK. Sjølv utan slike ressursar har HFK dei siste 3 åra hatt hovudansvaret for gjennomføringa av EMU.

#### Generelt om EMU

EMU er ein årleg kampanje for å fremje meir miljøvennleg bytransport i byer og tettstader. Veka finn stad frå 16. til 22. september kvart år og avsluttast med «Bilfri dag». Byene skal i denne perioden arrangere ulike arrangement og tiltak for å betre kollektivtransporten, tilrettelegging for syklistar og gåande, opprusting av bygater og liknande.

I Norge får landets kommunar tilsendt brev med oppmading om å delta i EMU. Byar og tettstader som ønskjer å delta fyller ut eit charter som gir ein oversikt over kva tiltak og arrangement som er tenkt gjennomført. Denne skal signerast av ordførar.

Konsulentelskapet COWI gav i februar 2014 ut sin Evalueringssrapport av EMU. Her er organiseringa av EMU skissert opp med Bergen som eksempel. I realiteten er det HFK som har hatt den førande rolle i Bergen dei siste åra, så dette eksempelet er difor ikkje heil korrekt.



### EMU i Bergen - roller og ansvar

Program og gjennomføring av EMU i Bergen er dei siste åra utarbeidd av partane i Bergensprogrammet. Bergen kommune hadde siste året fleire ressursar tilgjengeleg enn tidlegare og det har vore bra for gjennomføringa. Skyss vart og trekt meir inn i arbeidet enn tidlegare. Fylkeskommunen har saman med SVV halde orden på økonomien. Marknadsføring og mediekontakt vart i hovudsak teke vare på av informasjonsavdelinga i Bergensprogrammet.

Sjølv om samarbeidet har fungert godt kan det stålast spørsmål om HFK skal ha prosjektleiaransvaret, då EMU må sjåast på som eit by-arrangement. Til dømes er gjennomføring av «Bilfri dag» ei omfattande oppgåve som involverer fleire ulike instansar, men som i særleg grad krev avgjerd på kommunalt nivå. Her har «Grønn etat» og «Trafikketaten» i kommunen sentrale roller. Arbeidet fram til ei avgjerd blir teke har dei siste åra vore prega av noko uvisse knytt til kven som tek den endelege avgjerda. Styringsgruppa i Bergensprogrammet er bedt om å peike ut eigna gater som kan stengast, men dei sit ikkje på alle naudsynte fullmakter.

Det vil vere riktig å sei at byane har «eigarskap» til prosjektet då dei er tilknytt EMU gjennom påmelding om deltaking og charteravtalen som vert underteikna. Det er også ein kjennsgjerninga at EMU handlar om bymiljø og by-utvikling, og dette gjer det rimelig at Bergen kommune sit i førarsetet for gjennomføringa av veka. Både SVV og HFK vil vere viktige samarbeidspartnarar og bidrar sjølvsagt som deltarar i prosjektgruppa.